



KLEPP KOMMUNE

Tenestekområde barn og unge

Gode samanhengar og
overgangar for barn i
barnehagen og elevar i
grunnskulen i Klepp



Med blikk for alle



Gode overgangar i utdanningsløpet

Gode overgangar i utdanningsløpet er ein del av tidleg innsats og inkluderande praksis. Det handler om å legge til rette for god mottaking og at rett kompetanse er på plass for fyrste stund. Då har ein kapasitet til å tilrettelegge for utvikling og læring parallelt med at du blir kjent med barna/elevane. Når barnet/elevane har god kompetanse rundt seg, aukar sjansen for at dei deltar i fellesskapet. Gode overgangar er ein del av arbeidet med å førebygge, fange opp og følgje med (Udir/ Kompetansepakka/Tidlig innsats i overganger)

Siktemålet med føringane er å styrkja samanhengen i opplæringa for barn og unge i Klepp kommune. Ein god samanheng inneber at barn og unge opplever kontinuitet og progresjon i læringsinnhaldet og at dei opplever å meistra overgangane mellom ulike opplæringsinstitusjonar.

Måla med planen er dermed å

- sikra at barn/unge opplever overgangar som spanande, utviklande, trygge og prega av meistring
- sikra samanheng og heilskap i læringsinnhaldet til barn/unge, både fagleg og sosialt
- sikra informasjonsflyt mellom tilsette og mellom tilsette og foreldra ved overgangane
- sikra gode møteplassar mellom tilsette for å få til kompetanse og kultur som støttar intensjonane ovanfor

Forventningar om samarbeid er klart formulerte både i Rammeplan for barnehagar kapittel 5, i barnehagelova §2a, i grunnskulen sin læreplan og i § 13.5 i opplæringslova.

Foreldra har hovudansvaret for barnet si opplæring. Det ansvaret kan dei ikkje ha utan å vera involverte og engasjerte i informasjonsoverlevering, forventningsavklaringar og praktisk oppfølging.

Planen er forpliktande. Vi rår sterkt til at også private barnehagar følgjer planen.

Vi ønskjer lykke til med samarbeidet!

Klepp kommune, 10. februar 2023

Føringar og ansvar for arbeidet med å sikra gode samanhengar og gode overgangar i Klepp:

FØRINGAR:

Føringar for arbeidet er forankra i «Kvalitetsplan Barn og unge 2022-2028»:

- Me skal nytta felles plan for overgangsarbeid i kommunen
- Barn og unge i Klepp skal oppleve læring, meistring og utvikling
- Alle skal oppleve å vera ein del av eit sosialt og fagleg fellesskap
- Tidleg og rett hjelp skal vera førande for alt arbeid.
- Barns beste skal vera vårt grunnleggjande omsyn
- Me skal møte barn, ungdom og foreldre med forståing og respekt. «Det er viktigare å ha ein relasjon, enn å ha rett»
- Sikra at barn og ungdom bidrar og deltar i møter som handlar om dei, anten sjølv eller gjennom formidlar av barnet sin stemme. «Ingen avgjersle om meg utan meg»

ANSVAR:

- Mottakande instans har hovudansvaret for å ta initiativ og setja i verk tiltak.
- Leiinga i barnehage og skule har ansvaret for at barn/ungdom opplever samheng og gode overgangar.



Frå barnehage til skule

SAMANHENG:


- Barnet skal oppleve ein trygg og god skulestart, inkludert ein god start i skulefritidsordninga.
- Sikra best mogleg meistring for kvart barn gjennom progresjon og kontinuitet frå barnehagen til skulen.

INFORMASJON:

- Tilsette skal overføra informasjon til beste for barnet, i samspel med, og etter løyve frå, foreldra. Samtykke til overlevering av informasjon skal fyllast ut, vedlegg 1.
Ansvar: Barnehagen
- Barnet skal medverka i informasjonsoverføringa.
- Pedagogane i barnehagen skal få tilbakemelding om korleis oppstarten har vore på skulen og kva barnehagen treng justera (systemnivå). Sjå årshjul og møte i oktober/november.

MØTEPLASSAR:

- Foreldre skal delta i informasjonsoverleveringa kring barnet sitt saman med pedagogisk leiar og kontaktlærer. Det må også vurderast om andre instansar, som t.d. skulehelsetenesta, skal involverast.
- Skulen skal arrangera foreldremøte om skulestart og SFO for 5-åringane.
- Skulen skal møte aktuelle barnehagar for å utveksla pedagogiske planar, forventningar og samarbeidsformer. Sjå årshjul og møte i oktober/november.
- Plan for gode samanhenger og overganger skal vera tema på eit barn og unge møte i løpet av året.



ÅRSHJUL (Frå barnehage til skule)

Tidspunkt:	Tiltak:	Ansvar:
AUGUST	Kartleggja kor mange born frå ulike barnehagar som skal ta til på dei ulike skulane. Senda oversikt til skulane. Barnehagen skal sikra informasjon til skulen om barn med fleispråkleg bakgrunn/flyktningar.	Styrrar
OKTOBER/ NOVEMBER	Skulen har ansvar for å kalla inn til samarbeidsmøte med aktuelle barnehagar. Innhald: <ul style="list-style-type: none"> • Læringsløyfa: Erfaringar frå siste års samarbeid. Korleis har oppstarten vore på 1. trinn (systemnivå) • Oppsett over samarbeidet i året som kjem. • Avgjera korleis barna kan besøka skulen gjennom året der målet er å bli kjent med skulen og dei stadene barna skal opphalda seg (ulike rom, uteområde). 	Rektor
FRÅ NOV. INNAN JANUAR	Møte for å drøfta barn som kan trengja ekstra oppfølging det siste halvåret før skulestart og vidare inn i skulen (Hugs samtykke frå foreldra). PPT skal delta. Skulehelsetenesta skal delta for å kunna prioritera barn som treng skulestartundersøkinga mest. (Sjå også tiltak s.9 i planen)	Styrrar
FEBRUAR	Foreldre til nye minoritetsspråklege barn skal få informasjon om språkstasjonen.	Styrrar
	Informasjonsmøte med nye foreldre om skulen, SFO og andre hjelpeinstansar. Representantar frå PPT, helsestasjon og barnevern bør delta. Foreldre har rett på tolk dersom dei har behov.	Rektor og SFO-leiar
APRIL/MAI	Barnehage-skule har dialog om samansetting av klassar.	Rektor og styrrar
	SFO-leiar sender oversyn til barnehagane over barn som skal gå i SFO.	SFO-leiar
MAI	Siste foreldresamtale i barnehagen med fokus på overgang barnehage-skule. Sjå vedlegg 1 og vedlegg 2	Styrrar
	Besøksdag på skulen for 6-åringane og føresette.	Rektor
MAI/JUNI	Trekantsamtale. Overføringsmøte på skulen med kontaktlærer, pedagogisk leiar og foreldre på kommande 1. årssteg skal gjennomførast. Sjå vedlegg 2	Rektor og styrrar
JUNI	SFO inviterer barn og foreldre til besøkskveld (VIP -kveld)	SFO-leiar
	Kontaktlærer kjem på besøk i barnehagane for å møte kommande elevar	Rektor
SEPTEMBER	Foreldresamtale med kontaktlærer på 1. årssteg. Korleis har oppstarten vore?	Kontaktlærer

Frå barneskule til ungdomsskuleskule

SAMANHENG:

- Eleven skal oppleva å få ein trygg og sosialt god start på ungdomsskulen.
- Tilsette skal sikra kontinuitet og progresjon for å skapa eit optimalt læringsutbytte for den enkelte eleven.
- Både barne- og ungdomsskulane skal utveksla erfaringar som kan betra kvalitet og læringsresultat for elevane.

INFORMASJON:

- Tilsette skal overføra informasjon til beste for – og i samspel med – eleven.
- Foreldre skal informerast og involverast i eleven sin overgang frå 7. til 8. steg.
- Tilsette skal utveksla informasjon om planar, innhald og vurderingsformer for å sikra kontinuiteten og progresjonen frå barneskulen og vidare inn i ungdomsskulen.
- Kvar elev skal ha med seg ei eit dokument med definert innhald til ungdomsskulen (sjå vedlegg 3 og vedlegg 4)
- Lærarane på ungdomssteget skal
 - kjenna til og bruka dei læringsstrategiane elevane har lært på barneskulen
 - kjenna til korleis eleven meistrar dei grunnleggjande ferdigheitene
- Lærarane på barnesteget skal få tilbakemelding om læringsresultata på ungdomssteget (Systemnivå/ Læringsløyfa. Sjå årshjul)

MØTEPLASSAR:

- Elevane skal vera godt kjende med ungdomsskulen før dei startar.
- Ungdomsskulane skal arrangera møte for elevar og foreldre med fokus på forventningar til elev si læring og trivsel på ungdomsskulen.
- Kvar ungdomsskule skal møta barneskulane for å utveksla og drøfta planar, læringsresultat, læringsmiljø, arbeidsmåtar og samarbeidsformer.



ÅRSHJUL (Frå barneskule til ungdomsskuleskule)

Tidspunkt:	Tiltak:	Ansvar:
NOVEMBER/ JANUAR	<p>Samarbeidsmøte med rektorane og lærarane på 7. steget, aktuelle lærarar på ungdomssteget og ved behov kontaktpersonar på PPT og i skulehelsetenesta</p> <p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvekslar erfaringar; korleis har det gått sosialt og fagleg med elevane som byrja på ungdomsskulen sist år (systemnivå) • Informasjon om barn som har behov for særskild tilrettelegging når dei startar på ungdomsskulen. (§2-8 og §5-1) • Gje kvarandre informasjon om planar, læringsresultat, læringsmiljø, arbeidsmåtar og samarbeidsformer. • Legge plan for vidare samarbeid. 	Rektor ungdomsskulen
	Representant frå ungdomsskulen kjem på besøk og observasjon til klassane på 7. steg	Rektor ungdomsskulen
MARS	Informasjonsmøte på ungdomsskulen for elev og foreldre på 7. steg. Informasjon om overgangen, opplegg, forventningar, framandspråk, valfag og innhald elles på ungdomssteget. Foreldre har rett på tolk dersom dei har behov.	Rektor ungdomsskulen
MAI	Kontaktlærarane 7. steg og leiinga på ungdomsskulen har dialog om klassesdeling	Rektor ungdomsskulen
MAI/JUNI	Overføringssamtaler mellom kontaktlærar på barnetrinnet og kontaktlærar på ungdomsskulen.	Rektor ungdomsskulen
JUNI	Skulebesøk for å bli kjent med ungdomsskulen.	Rektor ungdomsskulen
AUGUST	Elevane presenterer seg sjølve via «Elevpresentasjon ved overgang til ungdomsskulen». Vedlegg 3 og 4	Kontaktlærar

Barn og unge med behov for spesialpedagogisk hjelp/ spesialundervisning

Føringane her kjem i tillegg til – og ikkje i staden for – det som er nemnt i andre delar.

SAMANHENG:

- Barn og unge med behov for særskild tilrettelegging skal erfara ein trygg, planlagt og tilrettelagt oppstart i barnehagen/skulen.
- Barn og unge med behov for særskild tilrettelegging skal oppleva samheng i læringsinnhald og arbeidsmåtar frå barnehage til skule
- Tilsette skal ha best mogleg informasjon om barnet/ungdommen slik at opplæringa kan bli individuelt tilpassa. Foreldra skal delta i informasjonsoverleveringa.

INFORMASJON:

- Det skal utvekslast tidleg og grundig informasjon til beste for barnet/eleven, for å sikra ressursbehov og praktisk tilrettelegging.
- Foreldra, PPT og evtnt helsestasjonen skal involverast i informasjonsutvekslinga. Det same skal barnet/eleven der det er mogleg.
- Informasjon om planar og innhald skal vera for å sikra kontinuitet og progresjon.
- IUP/IOP/halvårsrapportar blir overførte til ny skule.

MØTEPLASSAR:

- Barnet/eleven skal vera kjend med barnehagen/skulen før dei startar.
- Foreldre skal tidleg involverast for å drøfta tilbod, tilrettelegging og forventningar.
- Tilsette skal sikra kartlegging/sakkyndig vurdering av barn/unge iflg oppl.l § 5-1 og bhg.l § 19a og utveksla tiltak.
- Tilsette som skal stå for tilbodet skal utveksla og drøfta pedagogiske planar, føresetnader, meistring, læringsmiljø, arbeidsmåtar og samarbeidsformer.
- Det tverretatlege samarbeidet skal sikra informasjonsflyt, kontinuitet og meistring kring eleven.
- Har barnet/eleven spesialpedagog/miljøterapeut/assistent i bhg/skule, bør det vurderast om vedkomande skal følgja med barnet/eleven over til ny arena t.d. i oppstartsperioden.

ÅRSHJUL (Barn og unge med behov for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning)

Tidspunkt:	Tiltak:	Ansvar:
ÅRET FØR OVERGANG	For barn/elev med særskild tilrettelegging, er det viktig at instansen som tek imot vert tidleg involvert.	Avleverande instans
	Ny instans deltar på ansvarsgruppemøte som er etablert for barn/elev med særskilde behov.	Avleverande instans
VÅR 6.TRINN	Ungdomsskulen får oversikt over elevar med store tilretteleggings behov.	Rektor barneskulen
DESEMBER/ JANUAR	Avklaringsmøte med skuleleiing, spes.ped. team, PPT og evt. helsestasjonen. Planleggja tiltak for elevar med behov for særskild tilrettelegging/spesialundervisning. Eleven skal bli høyrte.	Mottakande rektor
JANUAR	Overføringsmøte for barn/elev, der føresette, mottakande og avleverande instans og aktuell(e) hjelpeinstans(ar) deltek.	Mottakande rektor
INNAN 1. MARS	Ferdig sakkunnige vurderingar, fosterbarn	PPT
INNAN 1. APRIL	For barn/elev som har enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, skriv PPT ny sakkunnig vurdering om behov for spesialundervisning etter § 5.1. Oppdatering av eventuelle fagrapportar for elevar som har særskilde behov.	PPT
VÅREN	Dei formelle enkeltvedtaka blir utførte.	Rektor
OKTOBER/ NOVEMBER ETTER OPPSTART	Møte med avgjevande og mottakande instans saman med foreldra (evnt ansvarsgruppa). Læringsløyfa: Fungerer tilbodet som forventa? Kva kan/bør justerast? Noko å læra? Eleven sine erfaringar skal bli høyrte.	Rektor

Frå grunnskule til vidaregåande opplæring

SAMANHENG:


- Eleven skal få hjelp til å gjera gjennomtenkte val som gjeld vidaregåande opplæring, slik at utdanning og yrkesval kan skje i samsvar med eigne ønske og føresetnader.
- Eleven skal oppleva å få ein trygg og sosialt god start på vidaregåande opplæring
- Lærarane og leiarane skal, så langt råd er, sikra kontinuitet og progresjon mellom ungdomsskulen og vidaregåande opplæring.

INFORMASJON:

- Den einkilde eleven skal sjølv kunna presentera seg for lærarar og medelevar i den vidaregåande skulen.
- Foreldra skal vera involverte i overgangen til vidaregåande opplæring.
- Lærarane i vidaregåande opplæring skal kunna kjenna til elevane sine læringsresultat og korleis elevane meistarar dei grunnleggjande ferdigheitene.
- Rådgjevarar og leiarar på ungdomssteget skal få tilbakemelding om gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.

MØTEPLASSAR:

- Elevane skal vera godt kjende med val og retningar innan vidaregåande opplæring lenge før dei startar. Dei skal vera på vidaregåande skular og delta i opplæringa.
- Foreldra skal møte den vidaregåande opplæringa. Dei skal bli presenterte forventningar til eigne bidrag for å kunna støtta elev sine val, eleven si læring og eleven sin start i vidaregåande.
- Leiarane i skuleslaga skal møtast for å utveksla og drøfta pedagogiske planar, læringsresultat, læringsmiljø, arbeidsmåtar og samarbeidsformer.



ÅRSHJUL (10. trinnet)

Tidspunkt:	Tiltak:	Ansvar:
AUGUST	Informasjon om «Glidelås» til rådgjevar og rektor.	KTT
SEPTEMBER	Informasjon til elevar om årsplan/UTV	Rådgjevar
SEPTEMBER - OKTOBER	Foreldremøte om vidaregåande skule. Informasjon om «Glidelås»	Rektor/ rådgjevar
SEPTEMBER (START)	Karrieresamtaler	Kontaktlærer/ rådgjevar
OKTOBER - JANUAR	Utdanningsval med hospitering i vgs Ope hus på vidaregåande og yrkesmesse	Vgs./rådgjevar
JANUAR - FEBRUAR	Karrieresamtaler (framhald) også med foreldra	Rådgjevar
JANUAR	Få tilbakemelding om fråfall sist år og drøfta tiltak/konsekvensar. (Læringsløyfa).	Rektor
	Kontakt møte med vgo om elevar med særlege behov (med PPT kommunalt og frå fylkeskommunen)	Rådgjevar, sos. lærar og kontaktlærer
FEBRUAR (1.)	«Glidelåsen». Innan 1.februar skal skulen levere liste med oversikt over elevar til KTT. Det skal vere samtykke frå elev/føresette.	Rådgjevar/ kontaktlærer
	Søknadsfrist, særskild grunnlag	Rådgjevar
MARS (1.)	Søknadsfrist vgo. Skulen søker saman med elev. (Huk av for «Gildelås» og «vedlegg» og sende papira til Fylket)	Rådgjevar
FEBRUAR - MARS	Foreldre-elev-samtale	Kontaktlærer
MAI	Informasjon om svar/førehandsvar på søknad	Kontaktlærer
	Møte med rådgjevarar/sosiallærarar Bryne vgs om elevar som kjem til hausten og særleg om elevar med svake læringsresultat (under 30 grunnskulepoeng) for å hindra fråfall til hausten	Rådgjevar/ sosiallærer
JUNI	Møte med elev, føresette, ungdomsskulane og vidaregåande om elevar søkte inn på særlege vilkår.	Avdelingsleiar på vgs



SAMTYKKE TIL OVERLEVERING AV INFORMASJON

INFORMERT SAMTYKKE

For samarbeid mellom fleire instansar

Informert samtykke vil seie at du som eigar av informasjonen veit kva du tillèt av utveksling av informasjon, til kven, kvifor og kor lenge. Du kan når som helst trekka samtykket ditt.

Dersom du vel ikkje å vera tilstade når informasjon om deg eller dine barn skal drøftast, skal du bli informert.

Opplysningane kan ikkje bli brukt til andre formål enn dei samtykket er gitt for, og kan heller ikkje bli utlevert i større utstrekning enn det som er relevant og nødvendig.

SAMTYKKEÆRKLÆRING:

Eg samtykker i at tilsette frå ulike avdelingar kan samarbeida for at eg og mine barn skal få eit best mogleg og koordinert tilbod frå kommunen. Det vil seie at personar frå ulike einingar i og utanfor kommunen – som eg samtykkjer til – kan, utan hinder av lovbestemt teieplikt, ha kontakt med kvarandre og utveksla relevante og nødvendige opplysningar til det beste for meg og mine barn.

Barnet samtykket gjeld:	
Namn:	Fødselsdato:
Signatur	Stad/dato:

Ungdom som har fylt 16 år har samtykkekompetanse, og kan avgjer sjølv kven som skal få informasjon om kva. Når foreldre bur saman er det tilstrekkeleg med underskrift frå ein av desse. Bur foreldre kvar for seg og har delt foreldreansvar, skal begge foreldra skriva under.

Informert samtykke innhenta av:	Stad/dato:
Trekt samtykke:	Stad/dato:

Innhald i samtykket:

Kva vert det gitt samtykke til, kort om formål:		
Kven som kan få informasjon (avdeling, stilling, eventuelt person):		
Kva typar opplysningar kan det være aktuelt å formidla:		
Samtykket gjeld for perioden:	Frå dato:	Til dato:
Eg reserverer meg mot at følgande personar får eller gir opplysningar om saka:		
Eventuelle merknader eller kommentarar:		



MODELL FOR OVERFØRINGSMØTE BARNEHAGE – SKULE

Det vedlagte skjemaet skal vera grunnlaget for trekantsamtale med foreldre/føresette til det enkelte barnet.

Modellen, som ivaretar foreldreperspektivet på ein god måte, kan gjennomførast slik:

- Foreldra får skjemaet i forkant av siste foreldresamtale i barnehagen om våren. Dermed kan foreldra førebu seg på samtalen i barnehagen på førehand.
- Ped leiar i barnehagen brukar same skjemaet i førebuinga til foreldresamtalen i barnehagen.
- Foreldra og ped leiar har det ferdig utfylte, felles skjemaet med på overføringssamtalen med 1. klasselærer på skulen i starten av juni (jfr føringane i overgangsplanen)
- På møtet på skulen i juni er det foreldra som sit i førarsetet. Dei får formidla, saman med ped leiar, det dei synest det er viktig at skulen er informert om.

Forslag til invitasjon til samtale:

Det skal vera ei overgangssamtale mellom barnehage/heim og skule. Fokus på denne samtalen er barnet ditt. Foreldra og barnehagen vil leggja vekt på å skildra barnet sine styrker, ressursar, kva ho/han meistrar og kva for situasjonar skulen bør vera observante på. Slik får vi ein best mulig overgang.

De skal ikkje oppleve at ukjente ting blir teke opp på møtet. Er det spesielle utfordringar kring barnet som barnehagen meiner det er viktig at skulen får informasjon om, avklarar barnehagen dette med foreldre/føresette i forkant.

Denne samtalen er også ei god arena for foreldre å møte lærar på trinnet før barnet startar opp. Ein kan lufta tankar, spørsmål og eventuell uro rundt overgangen.

Dato/stad/signatur styrar:

Dato/stad/signatur signatur rektor:

Dato/stad/signatur pedagogisk leiar:

Dato/stad/signatur 1. klasselærer.....

SAMAN OM TRIVSEL OG LÆRING

Overgang og samanheng barnehage – skule

Foreldra/føresette, barnehagen og skulen har eit felles ansvar for å leggja godt til rette for barnet si utvikling. Det er nyttig å vita om både barnet si generelle utvikling og også barnet sine forventningar til skulen, slik at forholda blir lagt godt til rette for læring og utvikling når barnet startar opp.

Namn på barnet:

FOR HEIMEN

Dette vil eg (barnet) at skulen skal vita om meg og familien min:
Dette tenkjer familien om at barnet skal starta på skulen:

FOR HEIM OG BARNEHAGE

Leik & læring Kva liker du å leika? Liker du bokstavar og tall? Kva er du god til? Kva tenkjer du om å begynna på skulen? Er det noko du lurar på?	
Sosialt & omsorg Kven leiker du mest med? Kva liker du å leika med vennene dine? Korleis er du når du er god mot andre? Kva gjer du når du ønskjer kontakt med andre barn og vaksne? Kva gjer du når du ikkje blir einig med andre? Når blir du lei deg? Og kva gjer deg glad?	

FOR HEIM OG SKULE

Andre ting barn/foreldre ønskjer å snakka med skulen om:

For å kunne nytta overføringsskjema i trekantsamtalen, skal samtykkeskjema ligga til grunn, sjå vedlegg 1

Dato/stad/signatur foreldre/føresette

.....



MAL – INFORMASJON FRÅ BARNESKULE TIL UNGDOMSSKULE

Kvar elev skal ha med seg eit dokument til ungdomsskulen.

Lærer og elev samarbeider med innhaldet.

Sjå vedlegg 4

Dette skal leverast til ungdomsskulen på overføringsmøtet i mai/juni.

MAL – ELEVPRESENTASJON VED OVERGANG
TIL UNGDOMSSKULEN

Namn:
Føresette:
Sysken:
Gode venner:
Dette likar eg å gjera på fritida:
Dette likar eg å gjera på skulen:
Læringsstrategiar/måtar eg likar å arbeida på:
Vurdering av grunnleggjande ferdigheiter (lesing, skriving, munnlege – og digital ferdigheiter)
Vurdering av min eigen sosiale kompetanse (evne samarbeid, sjølvhevding og sjølvkontroll):
Lekserutiane mine:
Forventningar og tankar eg har om ungdomsskulen:
Framtidsplanane mine:
Dette er eg stolt av:



KLEPP KOMMUNE
Tenesteområde barn og unge

Rådhuset
Postboks 25
4358 Kleppe

TLF: 51 42 98 00
e-post: postmottak@klepp.kommune.no

